



Sokneprest Lina Håland held preika på julaftan.

**Julaftan er det tradisjonen tru gudteneste i kyrkja. Kl. 14 er tidspunktet. Det er den nye soknepresten vår, Lina Håland, som har preika og eminente Eva Megyesi er organist. Den positive og musikkglade presten vår, som har vist seg å vera ein framifrå songar, hadde ønskje om eit blåsarinnslag på julaftan, og dermed vert også Vegard Døssland med på trompet.**

Vegard er heime frå studiar i Oslo i jula, og han set pris på å få spela for bygdefolket på sjølvaste julaftan.

Offergåva julaftan er til Sjømannskyrkja.

Det har også vore spørsmål om det er fleire gudstenester i Uskedalen i jula. Det er det ikkje. Tidlegare var det gudsteneste 2.juledag, men den fall vekk for nokre år sidan då det vart reduksjon i talet på prestestillingar i Kvinnherad. Ein grunn til at denne gudstenesta fall bort, var relativt lite besøk.

Neste gudsteneste i Uskedal kyrkje vert 25.januar 2015.



Eva Megyesi og Vegard Døssland spelar saman under gudstenesta.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ola Matti Mathisen